

2023

ÅRSMELDING



Bjørnafjorden
næringsråd

VEDLEGG

1. Innkalling til årsmøte
2. Styrets årsberetning
3. Årsregnskapet 2023
4. Kontigentsatser
5. Valkomiteens innstilling
 - Styreleiar
 - Styremedlemmer
 - Varamedlemmer
 - Neste års valnemnd
 - Revisor for 2024

1.INNKALLING

ÅRSMØTE I BJØRNAFJORDEN NÆRINGSRÅD.

NÅR: Torsdag 23. mai kl 18.00 – 19.00 (medlemstreff 19.00 – 21.00)

STAD: Bjørnefjorden Golfklubb, Hatvikvegen 20, 5211 Os

PROGRAM ÅRSMØTET

1. Registrering av medlemmer
2. Godkjenning av innkallinga
3. Val av møte funksjoner: Møteleder og 2 stykk til å underskrive protokollen
4. Styrets årsberetning for 2023
5. Regnskap og balanse for 2023
6. Kontigent
7. Framlegg
8. Val

Framlegg til saker på årsmøtet
må leverast skriftleg til styret
innan to veker før årsmøtet.

E-post: post@bfnr.no

Vedlegg:

- Styrets årsberetning for 2023.
- Årsregnskap for 2023.
- Vedtekter & kontigentsatser.
- Valkomiteens innstilling til styre 2024/25 og Styrets innstilling til valnemnd neste år

§8 Røystereglar:

“Alle saker i styre og årsmøte vert avgjorde med vanleg fleirtal med unnatak av dei tilfelle som er nemnde i paragraf 9 (Oppløysing) og 10 (Endring i vedtekter). Er røystetalet likt, er leiaren si røyst avgjerande. Ein kan berre røyste ved personleg frammøte eller ved skriftleg signatur eller e-post.”

2. STYRETS ÅRSBERETNING FOR 2023

Bjørnafjorden Næringsråd (BNR heretter) er ein interesseorganisasjon med ein visjon at vi skal vere ei synleg og aktiv ressurs for lokalt næringsliv. Vi skal invitere, utfordre og bidra til berekraftig vekst!

Per 1. januar 2024 hadde næringsrådet 281 medlemmar. Det har vore ein liten nedgang frå 2023 på grunn av vanskelege marknadsforhold hos enkelte medlemmar.

1

Styrets samansetning BNR 2023/2024



Cathrine Elisabeth Smith

Styreleiar



Solfrid Ørnes

Nestleiar



Aleksander Grener

Styremedlem



Siri-Ann Myren Dalseide

Styremedlem



Frank Moberg

Styremedlem



Leif Gunnar Borgen

Styremedlem



Loren Ditmarsen-Radecka

Styremedlem



Bjørg Mette Holmefjord Antonsen

Vara styremedlem



Tor Espen H Skoglund

Vara styremedlem

Styret har hatt 9 styremøter (fysiske og digitale).
Varamedlem er blitt innkalla på alle møtene:

- 23. januar 2023
- 22. februar 2023
- 6. mars 2023
- 18. april 2023
- 20. juni 2023 – konstitueringsmøte
- 28. august 2023
- 25. september 2023
- 23. oktober 2023
- 28. november 2023

Årsmøtet ble heldt 7. jun 2023. Møtet ble avholdt på Fjordloftet, Byvegen 30, etterfulgt av medlemstreff.

I tillegg har representantar frå styret vært engasjert i møter for nokre av prosjektane, bla Fjordfondet.

Administrasjon, arbeidsmiljø, sjukefravær, likestilling

BNR har hatt ein 100% fast stilling i heile 2023.

Styret meiner arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2023.

Styret bestod av 4 menn og 5 kvinner i perioden 2023/2024.
Styret har ikkje funnet det nødvendig å iverksette spesielle tiltak med omsyn til likestilling.

Bedrifta forureinar ikkje det ytre miljø, og har i dag status som Miljøfyrtårn-sertifisert bedrift. Både Klimarekneskap og Sertifikat ligg tilgjengelege for alle på heimesida til næringsrådet.

4

Medlemmer

Vi fakturerte medlemsmassen frå BNR i september/oktober 2023. BNR hadde da 287 medlemmer, fordelt mellom Fusa, Os, Samnanger, Bergen & Øygarden.

I 2023 gjekk antallet medlemmer ned til 281 frå 287. Bygg- og anleggsbransjen møter vanskelege marknadsforhald, og ein del av medlemmane våre har gått konkurs eller avvikla drifta. Manglande betalingsvne har og satt nokon medlemskap på pause.

I 2023 meldte 13 nye bedrifter seg inn som nytt medlem.

5

Året 2023

I årsrapporten blir det understreka kor viktige eksterne faktorar som prisstigning, aukande rentenivå og rammevilkår som skattepolitikk og pågåande konflikter i Europa er for næringslivet. Lokalt blir det observert ulik påverknad på næringslivet, med særleg fokus retta mot bygg- og anleggsbransjen og uro for eit mogleg kompetansegap grunna arbeidskraft si overgang til andre sektorar.

Særleg har merksemda vore retta mot utviklinga i Lyseparken og Samnøy, der sistnemnde viser positiv framgang med Bolaks som ein sentral aktør. I Lyseparken ventar ein framleis på nyheiter om komande etableringar, medan Næringsrådet held tett dialog med Bjørnafjorden Utviklingsselskap for å følgje utviklinga nøye.

Styret og administrasjonen uttrykkjer takksemd overfor medlemmane for deira store engasjement, enten det gjeld deltakelse på medlemstreff og møteplassar, deling av kompetanse gjennom faglege innlegg, eller bidrag til viktige saker som bør løftast fram.

I ei vidareføring av samarbeid på tvers av bransjar, medlemsmasse og kommunegrenser har BNR forsterka samarbeidet gjennom å ønskje medlemmar velkomen som samarbeidspartnar. Dette er også ei positiv utvikling for driftsøkonomien til næringsrådet.

I 2023 hadde vi tre (3) hovudsamarbeidspartnare, kor alle tre har vidareført samarbeidet for 2024:

- Sparebanken Vest
- SANDS Advokatfirma
- ECIT

I 2023 hadde vi tre (3) samarbeidspartnare, kor alle tre har vidareført samarbeidet for 2024:

- Framo
- Azets
- Deloitte

Program 2023:

2023 har vore eit aktivt år, med frukostmøter, halvdagskonferansar, Bjørnafjordkonferanse med meir. Til alle arrangement brukar vi, så langt det er mogleg, lokale leverandører som òg er medlemmer i næringsrådet.

I 2023 har vi gjennomført:

4 frukostmøter:

- **SANDS:** innstamningar i innleiereglane
- **Lifekeys:** skap eit konkurransefortrinn gjennom robuste og motiverte tilsette
- **SANDS:** korleis vinne offentlege kontraktar og posisjonera seg for framtida
- **Motivati:** Korleis skapa motiverte medarbeidare

1 halvdagseminarer:

- **Frukostseminar** saman med KPMG: mini-KPMG dag med moglegheit for resertifisering. Økonomi, rekneskap, skatt & MVA

Andre arrangement:

- **Grunnkurs i førstehjelp** med Kaizen Consult & Røde Kors
- **Næringspraten:** med PWC: Kva betyr Torvik-utvalet si utgøring for deg og di bedrift
- **Næringspolitisk spørjetime:** alle partia på val vart invitert til paneldebatt der vi spurte våre lokale politikare dei vanskelege spørsmåla.
- **Informasjonsmøte** med NAV og Austevoll Næringsråd: basisprogrammet i ledelse med Inka som eksempel

Grøn Bedriftssafari ble arrangert saman med Bjørnafjorden kommune. Dette er eit felles prosjekt med BNR og kommunen. Målet med denne safarien er å fremme samarbeid og økt verdiskaping i næringslivet i Bjørnafjorden på tvers av bransjer.

Denne gongen var fokuset på bedriftane på Os-siden. Vi besøkte Inka, Interpadel Os, Lyseparken, og avslutta dagen med lunsj i Bjørnafjorden Kommune si eige kantine, laga og presentert av ASVO Bjørnafjorden.




Afterwork saman med Fjordfolk AS.

24. mars samla vi næringslivet til ein kjekk afterwork. Med nærare 70 påmelde, var fokuset nettverking og sosialt samvær.



Vårt arbeid med og for dei unge



SMARTere teknologi er eit initiativ frå Ungt Entreprenørskap der 6. klassingar skal løse eit problem fremstilt av ei verksemd. I 2023 stilte Bolaks med problemet og to klassar frå Nore Neset tok utfordringa



Mentor for Ungdomsbedrift: invitert inn som mentor for to ungdomsbedriftar frå Os Vidaregåande Skule:

1. ConAmor
2. Alt Alltid



Som mentor skal ein følge bedrifta frå oppstart til avvikling i løpet av eit år. Mentor-ordninga gjeld frå hausten 2023 til våren 2024.

Miljøfyrtårn-sertifisering



Bjørnafjorden Næringsråd rapporterte innan fristen 1. april 2024. Vi brukar innkjøpsrutinen vår og brukar sertifiseringa som ein ledetråd i alt vi gjer.

For næringsrådet er det viktig for oss å vere ein ressurs for heile næringslivet, og det er difor viktig å ha riktig kompetanse til riktig tid.

TV-aksjonen 2023 var for Redd Barna. Å ta samfunnsansvar og bidra er viktig for BNR, og det er 4. gong vi var med som koordinator mellom TV-aksjonen og næringslivet. Gjennom eit engasjert næringsliv, samla vi inn nærmare kr 200.000



I 2023 har vi publisert intervjueria, **Medlemspraten**, 11 gonger. Vi har engasjert frilansjournalist, Irene Mjelde, for å skrive intervjuretta artiklar om lokale næringsaktørar og deira historie. Irene er og engasjert for 2024.

I 2023 har vi intervjuja følgjande bedriftar:

- Solcelleexperten AS
- Bergøya AS
- Universal Logistics AS
- Safe Bemanning AS
- Engevik Gaard
- Azets
- Fjordfolk AS
- Waive AS
- Landskapsingeniør Ingrid Wirkola AS
- 2Stabilise
- Ly Forsikring

Vi vil fortsette denne intervjueria framover som ein viktig del av strategien vår – korleis profilere våre medlem på best mogleg måte.

Intervjua er tilgjengelege på heimesida vår.

BJØRNAFJORD KONFERANSEN 2023

tilbake til røtene



Bjørnafjordkonferansen - med tema *tilbake til røtene*,

blei gjennomført for andre gong i Oseana.

Denne gongen, som tidligare år, vart Fjordfolk hyra inn som teknisk arrangør. Dagen blei leia av Eirik Søfteland. Der var ein dag som var fylt av lokale og nasjonale foredragsholdere som snakka om korleis Bjørnafjorden skal møte dei utfordringane som ligg føre oss. Kva gjorde ein betre før og korleis skape verdi og vekst samtidig som ein tek vare på røtene våre?

Dato for konferansen 2024 er allereie satt: **fredag**

25.10.2024 i Oseana, og billetter kan tingas allereie.



Fjordfondet er eit samarbeid mellom Sparebanken Vest og BNR. BNR forvaltar fondet, som i 2023 var på kr 300.000. Fondets mål er å dele ut midlar til lokale bedrifter med ambisjonar om nyskaping, berekraft og omstilling.

Følgande tre bedrifter fekk tildelt midlar à 100.000kr kvar, under Bjørnafjordkonferansen:

- Logibud AS v/Benjamin Bruarøy
- Tønnegarden v/Oddvar Gangstø
- Stølen i Strandvik v/Simon Wolff



For andre gong arrangerte vi Bjørnafjordfesten, rett etter Bjørnafjordkonferansen.

Her samla vi lokal næringsliv for sosialt samvær og for å knytte nye bekjentskap. Alt med god mat og underholdning.



Årets Bjørnafjording



For andre gong blei Årets Bjørnafjording kåra. Vi åpna for nominasjon våren 2023, og vi fikk inn over 10 nominasjonar.

Årets Bjørnafjording gjekk til Knut Jarle og Espen Aspenes.



Næringspolitisk aktivitet & Næringsalliansen

BNR jobbar målretta for at næringslivet skal ha dei rette driftsvilkåra. Det ligg i næringsrådets mandat å utfordre lokale og nasjonale myndigheiter når ein ser at dette kan bli utfordra.

I desse utfordrande tidane, og med stort sett dei same problemstillingaen, har det vore nyttig for BNR å vere ein del av Næringsalliansen Vestland jobbar målretta for at næringslivet skal ha dei rette driftsvilkåra. Det ligg i næringsrådets mandat å utfordre lokale og nasjonale myndigheiter når ein ser at dette kan bli utfordra.

Formål & strategi: samarbeidsavtalen for Næringsalliansen Vestland slår fast at den skal vere grunnlaget for eit forsterka og inkluderande samarbeid på tvers av næringsforeningane i regionen. Avtalen peikar på fire hovudmål:

- Meir kraft i påverknads- og lobbyarbeidet, særleg regionalt og nasjonalt
- Fellesorganisert talerøyr ovanfor Vestland Fylkeskommune
- Framstå samla i utvalde saker, også som høyringsinstans regionalt og sentralt
- Utveksling av kunnskap og erfaringar, nettverksdeling

I 2023 var følgende aktive medlemmar av alliansen i

tillegg til BNR: Bergen Næringsråd, Askøy Næringsråd, Austevoll Næringsråd, Bømlo Næringsråd, Fikse Næringsforening – Etne og Vindafjord, Hardanger Industri, Kvam Næringsråd, Kvinnherad Næringssservice, Nordhordland Næringslag, Osterøy Industrielag, Sogn og Fjordane Næringsråd, Stord Næringsråd, Tysnes Næringsråd, Vaksdal Næringssselskap, Vest Næringsråd, Voss Næringsråd

I samarbeid med alliansen har BNR bidratt og/eller støtta opp om fleire høyringsuttaler til styresmaktene. Når alle står saman veg innspele tyngre, og vi ser det som viktig å bidra til alliansen også framover.

- **Januar:** Støtteerklæring til Den norske filmkommisjonen og arbeidet for å styrke filminsentivordninga. Denne vart marginalt betra i statsbudsjettet for 2024, men det gjenstår mykje arbeid med denne saka.
- **Februar:** Høyringsuttale om framlegget til Regional plan for fornybar energi.
- **Mars:** Høyringsuttale om Temaplan for breiband og digitalisering i Vestland fylke.
- **April:** Ope brev til stortingsrepresentantane frå alle vestlandfylka. Temaet var framlegg til endringar i opplæringslova. Endringane ville særleg gå utover opplæringskontora, som har viktige oppgåver knytt til lærlingordningar og rekruttering av arbeidskraft. Eit fleirtal på Stortinget såg til at endringane ikkje vart gjennomført.
- **September:** ei pressemelding om innhaldet i den politiske plattformen til fleirtalspartia i Vestland fylke. Det vart her særleg uttrykt kritikk mot manglande satsing på samferdsle og vedlikehald av fylkesvegnettet.
- **Oktober:** full støtte til planane for «Offshore Wind 2040» – eit forskingsprosjekt i regi av Universitetet i Bergen m.fl.

Det er oppretta god kontakt med Aksjon for norsk eigarskap, som vart stifta i Ålesund i mars. Formuesskatten opptek svært mange av medlemsverksemdene, og aksjonen gjer eit godt arbeid for å få fram konsekvensane av denne. Næringsalliansen planlegg fleire møter i samarbeid med Aksjon for norsk eigarskap i 2024.

Aktiviteten i Næringsalliansen

Næringsalliansen Vestland er aktiv og involvert i ei rekke samanhengar.

«Grøn Region Vestland» er ein brei partnarskap, der Næringsalliansen og NHO Vestlandet er viktige representantar for næringslivet. Vi har óg ein plass i Næringsforum Vestland, der Vestland fylkeskommune samlar leiarar frå næringslivsorganisasjonar, academia og arbeidsliv.

Næringsalliansen Vestland er ein av mange partnerar i **One Ocean** Havbyen Bergen. Målet er å fremje samarbeid og styrke posisjonen til heile regionen, nasjonalt og internasjonalt. Ein ny strategi vart vedteken mot slutten av året, og ein samla partnarskap står samla bak denne. Ei viktig oppgåve for alliansen i denne samanhengen er å forankre prosjektet i regionen som Bergen er ein del av.

Invest in Bergen er eit program for å få fleire nasjonale og internasjonale investeringar og etableringar i bergensregionen. Styringsgruppa er samansett av politiske leiarar i fylket og utvalde kommunar. Næringsalliansen Vestland får no éin av to nyoppretta plassar for næringslivet.

Gjennom året er det gjennomført fleire medlemsundersøkingar. Det er svært viktig at desse er representative for verksemdar i heile fylket, og det har óg gitt gjennomslag i pressa.

Bergen Næringsråd fungerer som administrativ ressurs for Næringsalliansen Vestland. Verksemda er i hovudsak finansiert gjennom medlemskontingent.

I 2023 har Næringsalliansen óg fått økonomisk stønad frå Sparebanken Vest.

Fortsatt drift:

Årsregnskapet for 2023 er satt opp under forutsetning av fortsatt drift. Det bekreftast herved at forutsetninga om fortsatt drift er til stede.

Styret meiner at årsregnskapet gir et rettviseende bilde av selskapets eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Underskrifter

.....

Cathrine E Smith
Styreleiar

.....

Solfrid Ørnes
Nestleiar

.....

Aleksander Grener
Styremedlem

.....

Siri-Ann Myren Dalseide
Styremedlem

.....

Frank Moberg
Styremedlem

.....

Leif Gunnar Borgen
Styremedlem

.....

Loren Ditmarsen-Radecka
Styremedlem

.....

Björg Mette H Antonsen
Varas styremedlem

.....

Tor Espen H Skoglund
Varas styremedlem

3. ÅRSREKNESKAP 2023

Kommentarer frå regnskapsfører, Tveit Regnskap Bjørnafjorden AS

Årsresultatet viser eit underskudd på kr 77 137,- for heile 2023.

Kjente avvik mot året før, skyldes:

Det vart i 2022 tapsført 61 400,- nedab det i 2023 er tapsført 37 550,-.

Knytt til rekneskapstenestere: i 2023 er det levert moms terminvis 6 gonger. Frå og med 2024 er det søkt og innvilga årsmoms.

Det var i 2023 andre framande tenester knytt til mailserver, nettside og fyrverkei på tilsaman r163 220,- medan det ikkje var noko på 2022. Fyrverkerikostandene er redusert med 50 000,- som var tilskott frå Reg.Hard.Midh (Sparebanken Vest).

Det er investert i konseptet Næringprat 4 stk for totalt 75 000,-. Inntekter til denne investeringa vil komme når det vert gjennomført.

Inntektene for 2023:

Salgsinntekt, avgiftspliktig	277 546
Medlemskontigent	564 904
Anna Inntekt	2 860
Tilskudd - Bjørnafjorden Kommune	300 000
Fjordfondet	371 000
Bjørnafjordkonferansen - prosjektmidlar	207 500
Bjørnafjordkonferansen - Salgsinntekter	516 811
Sum Salgsinntekt	2 240 622

Leverandørgjeld: Leverandørgjeld 15 416,- pr 3112 består av kr 15 416,- ikkje forfalte og 2 136,- i forfalte rekningar.

Bank: Beholdning pr 3112 er kr 513 072,-herav kr 37 308,- i bundne skattetrekksmidlar.

Egenkapitalen: er positiv med 694 411,-

Resultatrekneskap

RESULTATREKNESKAP	2023	2022
INNTEKTER:		
Salgsinntekt, avgiftspliktig	277 546,00	546 345,00
Salgsinntekt avgiftspliktig - Bjørnafjordkonferansen	516 811,00	
Medlemskontingent	564 905	642 895
Anna inntekt	2 860	104 000
Tilskudd - Bjørnafjorden kommune	300 000	300 000
Fjordfondet	371 000	370 000
Bjørnafjordkonferanse - prosjektmidler inkl frå Kråka Invest Eiendom AS	207 500	200 000
Sum inntekter	2 240 622	2 163 240
DRIFTSKOSTNADER:		
Arrangement og kurs - Asvo	956	-
Prosjektutbetaling Fjordfondet	300 000	300 000
Lønnskostnader	783 158	739 296
Kostnader lokale	126	32 000
Leige/programleigekostnader	22 466	22 857
Inventar, datautstyr, verkøy og rekvisita	1 298	11 743
Bjørnafjordkonferansen	772 217	690 648
Konsulenthonorar	322 629	231 465
Herav Miljøfyrtårn	2 391	43 999
Herav regnskapshonorar	72 623	40 653
Herav Medlemspraten	71 400	60 700
Herav Andre arrangement	87 995	86 113
Herav anna framand teneste - flytting mailserver og arbeid nettside	88 220	-
Kontorkostnader	1 257	
Møter, kurs, oppdatering	21 529	57 420
Telefon, porto, tidsskrifter	10 575	9 398
Reisekostnader	8 251	9 713
Reklame, kontingenter og marknadsføring	31 859	69 014
Andre driftskostnader	11 311	23 948
Herav styre- og bedriftsforsamlingsmøter	8 073	5 216
Tap på fordringar	37 550	61 400
Sum driftskostnader	2 325 183	2 258 902
DRIFTSRESULTAT	- 84 561	- 95 662
Anna finansinntekt	7 424	2 932
Finansresultat	7 424	2 932
RESULTAT	- 77 137	- 92 730
Disponering av overskot		
Overføring til oppgjerskonto balanse	- 77 137	- 92 730
Sum disponert	- 77 137	- 92 730

Balanse

<i>EIGEDLER:</i>	<i>2023</i>	<i>2022</i>
<i>Driftsmidler</i>	<i>25 748</i>	<i>25 748</i>
<i>Kundefordringer</i>	<i>167 278</i>	<i>71 219</i>
<i>Andre fordringer herav 75 000 næringsprat-konsept</i>	<i>90 548</i>	<i>-41 994</i>
<i>Bank</i>	<i>513 072</i>	<i>868 904</i>
<i>Herav bundne skattetreksmidlar</i>	<i>37 308</i>	<i>37 884</i>
<i>Sum Eiendeler</i>	<i>796 645</i>	<i>923 877</i>
<i>EIENKAPITAL:</i>		
<i>Anna eienkapital</i>	<i>771 548</i>	<i>771 549</i>
<i>Underskott 2023</i>	<i>-77 137</i>	
<i>SUM EIGENKAPITAL</i>	<i>694 411</i>	<i>771 549</i>
<i>GJELD:</i>		
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Leverandørgjeld</i>	<i>17 552</i>	<i>41 613</i>
<i>Skuldige offentlege avgifter - mva, skattetrekk og arbeidsgjevaravgift</i>	<i>23 290</i>	<i>53 479</i>
<i>Anna kortsiktig gjeld inkludert skuldige feriepengar</i>	<i>61 392</i>	<i>57 236</i>
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	<i>102 234</i>	<i>152 328</i>
<i>SUM GJELD</i>	<i>102 234</i>	<i>152 328</i>
<i>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</i>	<i>796 645</i>	<i>923 877</i>

5. KONTINGENT

Styrets innstilling til kontigent

Vi fakturerte medlemmene for eit heilt år H2022/V2023 i september 2022.

Vi gjer som aksjeselskap og har årsmøte, regnskapsrapport og val i mai / juni.

Nytt styre sitter haust og vår. Vi følger rytmen til et aksjeselskap.

Innstilling: *Medlemskontingenten for 2024 / 2025 endres for å møte marknadsforholda som påverkar drifta av næringsrådet.*

Medlemskontingenten fakturerast i sin heilheit i august / september 2024.

Medlemskontigent 2023 / 2024

- Bedrifter med 1 ansatt (990,-)
- Bedrift med 2-5 tilsette (1.990,-)
- Bedrift med 6-10 tilsette (2.990,-)
- Bedrift med 11-25 tilsette (3.990,-)
- Bedrift med fleire enn 25 tilsette (6.990,-)
- Bedrifter i Os Sentrumsforening, Fjord'n senter og AMFI Os (990,-)
- Nyoppstarta bedrift (0,- innmeldingsåret)

Foreslått medlemskontigent 2024 / 2025

- Bedrifter med 1 ansatt (1.040,-)
- Bedrift med 2-5 tilsette (2.090,-)
- Bedrift med 6-10 tilsette (3.590,-)
- Bedrift med 11-25 tilsette (4.590,-)
- Bedrift med fleire enn 25 tilsette (7.590,-)
- Bedrifter i Os Sentrumsforening, Fjord'n senter og AMFI Os (1.040,-)
- Nyoppstarta bedrift (0,- innmeldingsåret)

6. VALKOMITEENS INNSTILLING

Valkomiteen 2023

- Frank Moberg
- Christoffer Kobbeltvedt

**Forslag til nytt styre for perioden haust 2024
og vår 2025 - kommer!**

6. VALKOMITEENS INNSTILLING

Valkomiteen 2023

- Frank Moberg
- Christoffer Kobbeltvedt

Forslag til nytt styre for perioden haust 2024 og vår 2025

1 styreleiar for 1 år, 6 styremedlemmer for 2 år (2 i Fusa og 4 i Os), samt 2 varamedlem for 1 år.

Innstilling styreleiar:

Solfrid Ørnes - på val

Styreleiar (1 år)



Innstilling styremedlemmer:

Tor Espen Skoglund - ikkje på val

Styremedlem (1 år)



Aleksander Grener - ikkje på val

Styremedlem (1 år)



Siri-Ann Myren Dalseide - ikkje på val

Styremedlem (1 år)



Frank Moberg - på val

Styremedlem (2 år)



Leif Gunnar Borgen - på val

Styremedlem (2 år)



Synnøve Mowinckel - nytt styremedlem

Styremedlem (2 år)





Bjørg Mette Holmefjord Antonsen - på val

Vara styremedlem (1 år)



Fridtjof H Øyasæter - nytt varamedlem

Vara styremedlem (1 år)

Informasjon om nytt styremedlem

Synnøve Mowinckel - tidligere dagleg leiar i næringsrådet

Informasjon om nytt varamedlem

Fridtjof Holst Øyasæter - dagleg leiar i Bergøya

Styrets innstilling til neste års valkomitee

Val på årsmøte

Styrets innstilling til revisor

Mazar